



Analysegruppa

Analysegruppe lagar analyser, samanlikningar og rapportar til universitetsleiinga om trendar, rammer og utviklingstrekk som er aktuelle for å gjennomføre UiBs strategi.

Analysegruppas medlemmar: Ingar Myking, Steinar Vestad, Bjug Olav Bøyum, Svein Jarle Nymark, Gry Flatabø og Caroline Armitage.

Innhald


Ekstern finansiert forskning har auka sterkt i UH-sektoren dei siste fem åra	2
Stabil publisering ved UiB	4
Søkerboom til UiB: Nesten 11500 vil studere her til høsten	7
Rekordmange søker master ved UiB	9
Vanskelegare arbeidsmarknad for masterkandidatar	11
SSB: Truleg overtilbod av høgare utdanna om få år	11
Kompetansebehov i næringslivet viser ulik etterspurnad	12
Regjeringa skal lage ny strategi for realfag og teknologi.....	12
Ingen realvekst i FoU i UH-sektoren	13
Regjeringa vil løfte klinisk forskning til Europa-toppen	13
Nordisk «Draghi-rapport» skal vurdere konkurranseevna	14
Ny ERC-rapport: Fri grunnforskning legg grunnlaget for framtidens materiale.....	14
ERC vil satse meir på «svakare forskingsnasjonar»	14
Ny Forskningsråds-rapport: Noreg må styrke samarbeidet mellom sivil og militær forskning	15
Dansk forskning i verdensklasse? Det kjem an på korleis ein tel	16
Gratis open publisering for norske forskarar	16
Rekordmange doktorgrader – men nedgang kan kome	16
UNESCO: Universitet må ta større global rolle	17
Endringar i global forskning – Kina aukar i Antarktisk	18
Strategi for forskning på Svalbard.....	18
Universiteta har nøkkelrolle i konkurransepolitikkene meiner EUA	19
Forskningsrådet med nye refleksjoner om globale utfordringer for academia	19
Auka press på akademisk fridom i Europa	20
Global nedgang i akademisk fridom	21
Forskningsrådsstøtte gir vekst i næringslivet	21
Nedgang i næringslivets FoU i 2024	21
Svenske universiteter har stort potensial i samarbeid med næringer, men møter barrierer	22
OECD: Energitryggleik krev langsiktig satsing på forskning	23
Parlamentet utfordrar Kommisjonen om nytt Horisont Europa	24

Ekstern finansiert forskning har auka sterkt i UH-sektoren dei siste fem åra


Over ei femårsperiode, frå 2021 til 2025 har UiB hatt størst vekst i rekneskapsført ekstern finansiering samlikna med dei norske BOTT-universiteta (Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø).

UiB har ein vekst på 28 prosent i nominelle kroneverdiar. NTNU, UiO og UiT har hatt vekst på høvesvis 12, 24 og 20 prosent, medan veksten for alle andre UH-sektoren var 22 prosent. BOTT-universiteta er likevel klart størst med ei markant større forskingstyngd enn dei «nye» universiteta og høgskulane.

Figur 1 Total ekstern finansiering 2021 og 2025. Kjelde: DBH



Figur 2 Ekstern finansiering etter kjelder 2021-2025. Kjelde: DBH



Nær heile veksten for UiB var tidlegast i femårsperioden, særleg frå 2021-2022. Dei siste to åra har utviklinga vore negativ, med ein reduksjon i dei eksterne inntektene på seks prosent frå 2024 til 2025. For sektoren elles har utviklinga vore blanda. Medan NTNU og institusjonane utanfor BOTT-gruppa har resultat på linje med UiB, har UiO og særleg UiT greidd å halde stand.

Svakare i Forskningsrådet for breideuniversiteta

Det er særleg utviklinga i løyvingar frå Forskningsrådet dei siste åra som har negativ påverknad på ekstern finansiering i sektoren. Ser ein på dei siste fem år har BOTT-universiteta samla hatt ein reduksjon på 11 prosent i midlar frå Forskningsrådet, medan sektoren elles har hatt ein vekst på 11 prosent. Aktivitet finansiert av Forskningsrådet har dreid bort frå breiddeuniversiteta. Samstundes har det vore ein nedgang i overføringar frå Forskningsrådet til sektoren på fem prosent frå 2024 til 2025. UiB sin nedgang var på fire prosent, medan UiO, NTNU og UiT låg enda høgare, med nedgang på høvesvis ni, 13 og 31 prosent. Utanom BOTT-universiteta var nedgangen på 14 prosent.

EU-finansieringa aukar


EU-finansiering utgjer framleis ein mindre del av forskningsfinansieringa, men har synt sterk vekst over tid. Sjølv om også UiB har hatt ei positiv utvikling med ein vekst på 37 prosent over femårsperioden, har sektoren elles hatt enda sterkare vekst i EU-finansiert verksemd over tid enn UiB. Veksten er i snitt på 98 prosent, og er sterkast ved UiT og NTNU med 144 og 110 prosent. Skulle denne vekstkurva halde fram vil UiT har større inntekter frå EU enn UiB i 2027.

Andre finansieringskjelder

Inntekter frå andre kjelder enn Forskningsrådet og EU utgjorde nærare halvdelen av den eksternt finansierte verksemda i sektoren i 2025, med tydeleg størst verknad på institusjonar utanom dei tradisjonelle universiteta. I 2025 utgjorde «andre» kjelder over 60 prosent av den eksterne finansieringa for høgskular og «nye» universitet, mot 45 prosent for BOTT-universiteta. Det er særleg oppdrags- og bidragsprosjekt finansiert av offentleg sektor som veg tyngst. For høgskular og nye universitet utgjer desse nærare 80 prosent av «andre» kjelder, og 56 prosent for BOTT-universiteta. BOTT-universiteta har vore meir aktive innan denne kategorien dei siste fem åra enn tidlegare, og har ein vekst på 42 prosent, mot 17 prosent for andre. Det er særskild inntekter frå organisasjonar og stiftelsar, næringsliv og utanlandske finansierar som har hatt vekst i perioden.

UiB nummer tre i landet per årsverk

Sett i forhold til institusjonsstorleiken, målt etter årsverk i vitskapelege stillingar, er UiB framleis sterk på ekstern finansiering, og kjem som nummer tre blant alle norske universiteta i 2025, etter UiO og NMBU. UiB ligg jamt 10-15 prosent under nivået på inntekter per vitskapeleg årsverk ved UiO. God utvikling over tid gjer at UiB har sterkare ekstern finansiering per årsverk enn NTNU og UiT. UiO og NMBU oppnår høgast finansiering per årsverk i landet, ca 15 prosent over UiB i 2025. Sjølv om universiteta og høgskulane utanom BOTT-gruppa tek en relativt stor og aukande del av den eksterne finansieringa, er dei framleis små relativt til talet på årsverk. Unnataket er NMBU som særleg gjer det godt i Forskningsrådet.



Figur 3 Utvikling i ekstern finansiering per vitenskapelige årsverk, fordelt på finansieringskilder. Kjelde: DBH

Stabil publisering ved UiB

UiB sto i 2025 for 11 prosent av publiseringspoengene i UH-sektoren totalt. UiO sto for 23 prosent og NTNU 21 prosent, mens andelen poeng til «andre» fortsetter å øke, fra 38 prosent i 2024 til 39 i 2025. Når det gjelder publisering på nivå 2-andel og andelen publikasjoner med internasjonalt samforfatterskap, holder begge kategoriene seg stabilt høye på UiB, på henholdsvis 27 prosent og 61 prosent.


Bibliometrigruppen ved Universitetsbiblioteket er ansvarlig for nettstedet Vitenskapelig publisering ved Universitetet i Bergen: bibliometri.w.uib.no. Der legges det ut oversikter, visualiseringer og analyser av publisering. I år er dette arbeidet forsinket på grunn av sen og mangelfull datautlevering fra Sikt.

Kan komme endringer

Her presenteres en del tall for UiBs og de andre BOTT-universitetenes publisering i 2025 slik de foreligger 27.04.26, basert delvis på innrapporterte data (alle tall som innbefatter og er basert på forfatterandeler, inkludert nivå 2-andel, samt antall publikasjoner per fakultet og andel publikasjoner med internasjonalt samforfatterskap), og delvis på data som er offentliggjort av DBH (antall publikasjoner og poeng på UiB og andre institusjoner, samt poeng på

UiBs fakulteter og poeng per faglig årsverk). De første bekreftede tallene ble publisert på HK-dirs nettside [Database for statistikk om høyere utdanning \(DBH\)](#) 23.04.2026, men er ikke fullstendige på grunn av forsinket kvalitetssikringsarbeid hos Sikt. Det kan komme små endringer i tallene som er basert på innrapporterte data når Sikt er ferdige med sitt arbeid med kvalitetssikring.

Hovedtrekk for UiB i 2025




Små bevegelser

Generelt er det små endringer i publiseringstallene for UiB i 2025, men vi ser en liten nedgang sammenlignet med året før. UiB hadde 3281 publikasjoner, ned ti prosent, 3103 publiseringspoeng, ned tre prosent og 1256 forfatterandeler, ned en prosent i 2025. De andre BOTT-institusjonene hadde sammenlignbare, små utslag, for eksempel gikk NTNU ned tre prosent i antall publikasjoner og to prosent i poeng, UiT opp en prosent i antall publikasjoner og fem prosent i poeng, mens UiO sto på stedet hvil i antall publikasjoner og gikk opp fire prosent i poeng. UiB sto, som i 2024, for 11 prosent av publiseringspoengene i UH-sektoren totalt, og lå med det bak UiO, 23 prosent og NTNU 21 prosent av BOTT-universitetene, mens andelen poeng til «andre» fortsetter å øke (fra 38 prosent i 2024 til 39 i 2025).


Andel publisering på nivå 2 og med internasjonalt samforfatterskap

Når det gjelder nivå 2-andel og andelen publikasjoner med internasjonalt samforfatterskap holder begge seg stabilt høye på UiB, på henholdsvis 27 prosent og 61 prosent.




Poeng per faglig årsverk

Produktiviteten, målt i publiseringspoeng per faglig årsverk ([undervisnings-, forsknings- og formidlingsstillinger, UFF](#)), ligger rundt 1,4 på UiB, som den har gjort siden det store «droppet» mange BOTT-institusjoner opplevde mellom 2021 og 2022. Sett i et lengre perspektiv, er UiB den eneste av BOTT-institusjonene som lå lavere i 2025 enn i 2015.



Fakultetene

Fakultetene har som vanlig noe ulik utvikling. På fakultetsnivå vil tallene naturlig variere mer fra år til år enn på aggregert nivå, spesielt gjelder det de fakultetene som har færrest ansatte og publikasjoner. Fra 2024 til 2025 hadde HUM, JUR, KMD og PS økning i både forfatterandeler, publikasjoner og poeng, MED og SV holdt seg omtrent på samme nivå, mens NT og UM gikk ned. NT, SV og HUM hadde høy andel nivå 2-publisering i 2025, med over 30 prosent.



■ Forfatterandeler
■ Publiseringspoeng
■ Publikasjoner

Erfaringer hittil med overgang til NVA

Nasjonalt Vitenarkiv (NVA) ble lansert av Sikt i oktober 2025, og erstatter nå både de lokale vitenarkivene, for UiBs del BORA, og forskningsinformasjonsystemet Cristin. En grunntanke som ligger bak systemarkitekturen i NVA er at systemet i så stor grad som mulig skal gjenbruke data fra andre systemer og kilder. Tanken er at dette skal forbedre datakvaliteten, hindre duplisering av data og skape mindre manuelt arbeid for brukere av systemet. Det er for eksempel nå mulig å registrere publikasjoner ved å bruke en DOI-lenke som henter metadata fra eksterne kilder og på den måten forenkler registreringen for forskere. Det er i liten grad kommet tilbakemeldinger om problemer fra forskere og andre brukere ved institusjonen.

Imidlertid, som i et hvert nytt datasystem, er det også feil og mangler i NVA. Sikt arbeider derfor med feilrettinger og forbedringer. En viktig funksjonalitet som enda ikke er på plass og som skal prioriteres framover er indeksering/høsting av data fra NVA i andre eksterne systemer, som for eksempel Google Scholar, OpenAire og Oria. I tillegg er det fremdeles usikkerhet rundt, samt problemer med uttrekk og gjenbruk av data fra NVA. UB, sammen med de andre BOTT-institusjonene har tett dialog med Sikt for å følge opp videreutvikling") kunne godt beholdes.

Søkerboom til UiB: Nesten 11500 vil studere her til høsten

Universitetet i Bergen (UiB) opplever en markant vekst i årets nasjonale opptak. Med nesten 11500 førstevalgssøkere – en økning på ni prosent fra i fjor – er interessen for UiB større enn på lenge. Helsefag og jus topper vekstlisten.

Søkertallene fra det nasjonale opptaket (NOM) 2026 er klare og viser at totalt 11495 søkere har satt et UiB-program som sitt førstevalg – opp fra 10588 i fjor. Det tilsvarer en vekst på ni prosent og er det høyeste nivået siden toppåret 2021.

Tabell 1 Antall førstevalgssøkere til grunnstudier ved UiB. Kilde: Samordna opptak

Fakultet	2025	2026	Endring
Totalt	10 588	11 495	▲ 9 %
MED	1 272	1 839	▲ 45 %
JUR	2 078	2 245	▲ 8 %
PS	2 096	2 235	▲ 7 %
SV	2 533	2 569	▲ 1 %
NT	1 447	1 456	▲ 1 %
HF	1 097	1 098	0 %
KMD	65	53	▼ 18 %

Helsefag skyter i været

Det medisinske fakultetet (MED) er årets store vinner med en søkervekst på hele 45 prosent – fra 1272 til 1839 førstevalgssøkere. Utvidelsen av Vestlandslegen med studietilbud i Haugesund er mye av årsaken, med 429 førstevalgssøkere. Siden 2022 har UiB, UiO og NTNU startet opp totalt åtte regionale studieordninger i medisin, og ingen av disse har hatt flere søkere enn det tilbudet i Bergen/Haugesund har i år. Til sammenligning er det like mange søkere til Bergen/Haugesund, som til det ordinære medisinstudiet i Tromsø.

Nytt opptakssystem påvirker

Også jus og psykologi har god fremgang. Det juridiske fakultetet (JUR) øker med åtte prosent til 2245 søkere, det høyeste noensinne, mens Det psykologiske fakultetet (PS) vokser med sju prosent til 2235 søkere. Antallet søkere til profesjonsstudiet øker med tolv prosent samtidig som både UiA og UiS starter opp profesjonsstudiet i psykologi fra og med høsten.

Tilstrømmingen til populære studier må ses i sammenheng med varslede endringer i opptaksforskriften fra og med 2028, hvor muligheten til å konkurrere med tilleggspoeng reduseres kraftig og karakterene fra førstegangsvitnemålet blir viktigere. For mange vil 2026 og 2027 derfor være den reelt sett siste muligheten til å nå opp i konkurransen om plassene.


Stabilt for HF, SV og NT

For HF, SV og NT er det samlet sett små endringer fra i fjor. Mens det er en økning på en del av samfunnsfagene, er det reduksjon i søkere til mediefag. Nedgangen vi har sett i interessen for historie- og språkfag stopper opp, mens den fortsetter for de estetiske fagene.

Ved NT ønsker 30 prosent av søkerne å starte på de lange, integrerte teknologiutdanningene, det høyeste noensinne. Dette er i tråd med en langvarig trend, der vi ser at søkere i større grad trekkes mot de lange (fem- og seksårige) utdanningene fremfor bachelor- og årsstudier. I år ønsker halvparten å få opptak til et integrert masterprogram eller profesjonsstudium.

Det er en marginal nedgang ved KMD, men det er viktig å peke på at studentene til dette fakultetet i hovedsak tas opp gjennom lokale opptak utenfor Samordna opptak. Samlet sett øker antallet førstevalgssøkere til grunnstudiene ved fakultetet med om lag fire prosent.

Figur 4 Andel førstevalgssøkere til korte (B3/ÅR) og integrerte (M5 og PR) studieprogram. Kilde: Samordna opptak



Rekordmange søker master ved UiB

MED og SV fakultetet topper vekstlisten, mens maskinlæring på informatikk slår alle rekorder. For HF fortsetter utfordringene.

Tabell 2 Antall førstevalgssøkere toårige masterprogram, UiB. Kilde: FS

Fakultet	2025	2026	Endring
Totalt	5006	5068	1 %
MED	309	340	10 %

SV	1230	1310	7 %
PS	987	1021	3 %
NT	1125	1163	3 %
JUR	285	294	3 %
KMD	434	419	-3 %
HF	636	521	-18 %

Tallene inkluderer det norsk/nordiske masteropptaket, EU-opptaket og KMD-opptakene, men ikke søkere fra land utenfor EU/EØS/Sveits som ikke er bosatt i Norge.

SV-fakultetet størst vinner

SV er årets store vinner, med den kraftigste økningen i søkertall sammenlignet med fjoråret. Masterprogrammene i politikk og forvaltning og i geografi peker seg særlig ut. Ved NT opplever informatikk (studieretning maskinlæring) størst fremgang med en økning på 44 førsteprioritetssøkere sammenlignet med fjoråret.

Ved MED er det økning til alle program, mest til programmene i biomedisin og global helse. Fakultetet er også det eneste som har en økning i antallet søkere fra EU/EØS. Mens UiB samlet ser en reduksjon på ti prosent, har MED en økning på 32 prosent.

Tabell 3 Antall førstevalgssøkere, masterprogram, EU/EØS utenfor Norge. Kilde: FS

Fakultet	2025	2026	Endring
Totalt	507	455	-10 %
MED	57	75	32 %
NT	177	171	-3 %
SV	130	113	-13 %
PS	15	12	-20 %
HF	90	63	-30 %
JUR	38	21	-45 %


HF sliter – men et nytt program skaper interesse

HF opplever tilbakegang, i stor grad på grunn av færre søkere til bærekraftprogrammene ved fakultetet. Et lyspunkt er det nyopprettede erfaringsbaserte masterprogrammet i undervisning med kontroversielle temaer, med 26 førsteprioritetssøknader til tolv studieplasser. Det gir et søkerforhold på over to søkere per plass allerede i første opptaksrunde.

Vanskelegare arbeidsmarknad for masterkandidatar

Ny [kandidatundersøking](#) frå Nordisk institutt for studier av innovasjon forskning og utdanning (NIFU) viser ein vanskelegare arbeidsmarknad for nyutdanna i 2025-kullet. Arbeidsløysa, seks månader etter ferdig studium har auka til 9,5 prosent, med særleg høge tal innan humaniora, samfunnsfag og realfag.

- Arbeidsledigheten er 9,5 prosent, opp tre prosentpoeng fra 2023.
- Ledigheten er høyest i natur- og realfag (21 prosent), samfunnsfag (15 prosent), og humaniora (15 prosent).
- Profesjonsutdanninger (medisin, jus, lærerutdanning, helse- og sosialfag) har fortsatt svært lav ledighet (2–3 prosent).
- Fagfelt som har hatt signifikante økninger i ledighet er samfunnsfag, økonomi og administrasjon, samt natur- og realfag. For jus har ledigheten har gått ned, men endringen er ikke statistisk signifikant, som altså innebærer noe usikkerhet om endringen er reell.
- De fleste som aktivt melder seg til arbeidsmarkedet har funnet seg jobb et halvt år etter fullført utdanning, men overgangen til arbeidsmarkedet er mer krevende for kandidatkullet uteksaminert i 2025 enn for foregående kull.



SSB: Truleg overtilbod av høgare utdanna om få år

[Analysar frå Statistisk sentralbyrå](#) viser at tilbodet av kandidatar med høgare utdanning kan vekse raskare enn etterspurnaden i fleire fag.

Samtidig kan det bli mangel på yrkesfagleg kompetanse. Dette forsterkar debatten om dimensjonering av studieplassar og utdanningspolitikk.

Framskriving problematisk?

Framskrivingane byggjer på ei kombinasjon av makroøkonomiske analysar og demografiske simuleringar. Etterspørselen etter arbeidskraft blir først berekna med utgangspunkt i SSB sin makroøkonomiske modell, som framskriv utviklinga i næringsstruktur og sysselsetting. Deretter blir sysselsettinga fordelt på ulike utdanningsnivå og vidare på 28 utdanningsgrupper basert på estimerte samanhengar og historiske mønster. Det er lagt til grunn at framtidige utdanningsval i stor grad følgjer historiske mønster, kombinert med dei nyaste befolkningsframskrivingane.

Stadfestar tidlegare analyser

Resultata viser eit tydeleg mønster: For fleire utdanningar på bachelor- og masternivå blir tilbodet framskrive å vekse meir enn etterspørselen. Dette gjeld særleg humanistiske og samfunnsvitskaplege fag, økonomi og administrasjon, samt realfag og teknologi. Samstundes blir det framskrive underskot på arbeidskraft med yrkesfagleg bakgrunn, spesielt innan industri, bygg og anlegg, handverk, samt helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. Desse funna stadfestar tendensar som har kome fram i tidlegare framskrivingar.

Strukturell ubalanse

Rapporten har fått stor merksemd og har bidrege til debatt om dimensjonering av studieplassar og styring av utdanningstilbodet i lys av framtidige kompetansebehov. Resultata blir nytta av ei rekkje offentlege aktørar, mellom anna Kompetansebehovsutvalet, Nav og Kunnskapsdepartementet, og inngår i fleire analysar av framtidens arbeidsmarknad. Samla sett peikar analysen på at Noreg kan stå overfor strukturelle ubalansar i arbeidsmarknaden framover, og at politiske prioriteringar innan utdanning og kompetanse vil vere avgjerande for å møte desse utfordringane.

Kompetansebehov i næringslivet viser ulik etterspurnad

[NHOs kompetansebarometer](#) viser stort udekt behov for kompetanse, men også at etterspurnaden varierer mykje mellom fagområde.

Rapport som er laga av NIFUs viser at det udekte kompetansebehovet i NHO-bedriftene er vedvarande høgt, sjølv om nivået er noko lågare enn dei siste åra. Universitetsutdanning er særleg viktig innan teknologi og realfag, medan yrkesfag dominerer i mange bransjar.

Regjeringen skal lage ny strategi for realfag og teknologi

Norge trenger mer kompetanse i realfag og teknologi for å sikre landets konkurransekraft. Regjeringens [nye strategi skal se på hele utdanningsløpet, og lansere nye grep for å sikre nok avgjørende kompetanse.](#)

Norge utdanner færre bachelorkandidater i realfag og teknologi enn våre nordiske naboland, og er under gjennomsnittet i EU. Innenfor noen fagområder er det få eller ingen norske søkere til stipendiat- og forskerstillinger. Dette er særlig krevende på områder der det er krav om sikkerhetsklarering. Samtidig er det stadig færre som velger realfag i studieforberedende programmer på videregående, og grunnskoleelever har ikke god nok

kompetanse i matematikk og naturfag. En av tre norske elever oppgir å bli veldig nervøse når de jobber med matematikk, og høyt nivå av matematikkangst henger tett sammen med svakere resultater. Norge seiler akterut sammenliknet med andre land.

Ingen realvekst i FoU i UH-sektoren

Tal frå Statistisk sentralbyrå viser null realvekst i FoU-utgifter i 2024 og nedgang i talet på forskarar og FoU-årsverk. Tall for FoU-personalet, viste at det var om lag 750 færre forskere ved universitetene og høgskolene i 2024 enn året før


Samtidig går finansiering frå Norges forskningsråd ned, medan EU-midlar aukar. For universiteta betyr dette eit strammare økonomisk handlingsrom og auka betydning av ekstern og internasjonal finansiering.

Årsverk stuper

Endelige tall for FoU-statistikken 2024 i universitets- og høgskolesektoren, gir en vekst på 1,9 prosent i løpende priser fra 2023. Justert for lønns- og prisvekst tilsvarer dette nullvekst i FoU-utgiftene fra 2023 til 2024. Samtidig går antall FoU-årsverk kraftig ned.

I løpet av de 15 siste årene ser vi av figur 1 at det har vært en liten nedgang i FoU-aktiviteten umiddelbart etter finanskrisen i 2008, deretter har det vært en nominell vekst frem til 2019, før vi får en utflating av FoU-aktiviteten i slutten av perioden. De to siste årene innebærer dette en realnedgang i FoU-utgiftene.

Figur 2. FoU-årsverk i universitets- og høgskolesektoren etter stillingskategori. 2009-2024



Regjeringa vil løfte klinisk forskning til Europa-toppen

Regjeringa har lansert ein [tiårig plan](#) for å styrke klinisk forskning, med mål om fleire studiar, fleire deltakarar og sterkare integrasjon i helsetenesta.

For å nå målene i handlingsplanen presenterer regjeringa en rekke grep. Incentivene for klinisk forskning i spesialisthelsetjenesten skal styrkes, og bruk av digitale løsninger, helsedata og kunstig intelligens skal forenkles og effektiviseres. Forskningen og det skal gjennomføres tiltak for raskere godkjenning og gjennomføring av klinisk forskning. Ledere må legge til rette for at fagfolkene har tid og kompetanse til å utføre oppgaver i klinisk forskning.

Nordisk «Draghi-rapport» skal vurdere konkurransevna

Nordisk ministerråd har sett i gang arbeidet med ein [ny analyse](#) av nordisk konkurransevne, inspirert av rapporten frå Mario Draghi om Europa si framtid.

Rapporten skal leverast hausten 2026 og vil gi ein datadriven gjennomgang av styrkar og svakheiter i dei nordiske økonomiane, inkludert innovasjon, digitalisering, kapitaltilgang og energikostnader.

Bakgrunnen er eit skjerpa globalt konkurransebilete, der både USA og Kina investerer tungt i teknologi og grøen omstilling. Ambisjonen er å gi grunnlag for ein politisk diskusjon om korleis Norden kan oppretthalde både økonomisk konkurransevne og den nordiske samfunnsmodellen. For universiteta har Draghi-rapporten ført til at forskning og utdanning i aukande grad blir sett som ein del av eit samla konkurransekraftregime.

Ny ERC-rapport: Fri grunnforskning legg grunnlaget for framtidens materiale

Ein [ny rapport](#) frå Det europeiske forskingsrådet (ERC) viser kor viktig fri og forskardriven grunnforskning er for framtidens teknologi og industri i Europa. Frå 2014 til 2023 har ERC investert 2,37 milliardar euro i forskning på avanserte materiale, fordelt på 1.503 prosjekt i 29 land.

Rapporten peikar på at banebrytande oppdagingar ofte spring ut av uavhengig, nysgjerringsdriven forskning, lenge før dei får praktiske bruksområde. Ifølgje ERC er det nettopp denne typen grunnforskning som legg det vitskaplege og materielle grunnlaget for framtidige løysingar innan mellom anna helse, elektronikk og energi. Analysen kjem i forkant av EU si varsla satsing på avanserte materiale gjennom ein komande Advanced Materials Act.

ERC vil satse meir på «svakare forskingsnasjonar»

Det europeiske forskingsrådet (ERC) har lagt fram eit nytt [kvitpapir](#) som undersøker det vedvarande gapet i deltaking og suksessrate mellom dei sterkaste forskingssystema i Europa og ei gruppe land som gjer det svakare, dei såkalla «widening countries».

Landa som høyrer til «widening-gruppa», representerer om lag ein fjerdedel av EU-folketalet og er kjenneteikna av sterke utdanningstradisjonar og, i mange tilfelle, rask økonomisk vekst. Likevel får forskarar med base i desse landa i dag berre om lag ein tjuandedel av ERC-stipenda. Suksessratane deira i ERC-konkurransar ligg vanlegvis mellom ein og sju prosent, klart under ERC-gjennomsnittet på om lag 11 prosent. Dokumentet etterlyser no samordna innsats på nasjonalt og europeisk nivå for å ta i bruk det samla vitskaplege potensialet på kontinentet. Samstundes må alle tiltak for å møte dette fullt ut ta vare på ERC sitt kjerneprinsipp: prosjekt blir valde ut utelukkande på grunnlag av vitskapleg kvalitet. Dette prinsippet er grunnlaget for ERC sitt internasjonale omdømme og må stå fast.

Strukturelle hindringar

Ifølgje kvitpapiret speglar denne skeive fordelinga av stipend djupare strukturelle hindringar som avgrensar evna forskarar har til å konkurrere med hell om høgt selektiv finansiering av banebrytande forskning. Dette omfattar mindre gunstige akademiske miljø, lågare nasjonale investeringar i forskning og utvikling, avgrensa tilgang til

internasjonale vitenskaplege nettverk og svakare støttesystem for å førebu konkurransedyktige søknader. Språklege, kulturelle og psykologiske barrierar kan òg gjere at forskarar lèt vere å søkje.

Betring

Samtidig peikar rapporten på teikn til betring. Det siste tiåret har fleire widening-land styrkt dei nasjonale forskingssystema sine og innført program som skal hjelpe forskarar med å søkje ERC-finansiering. Meir enn 15 land har no eigne støtteordningar, mellom anna program som gjev nasjonal finansiering til høgt rangerte ERC-søknader som ikkje fekk støtte på europeisk nivå. Desse tiltaka blir finansierte gjennom ulike kjelder, mellom anna nasjonale budsjett, offentleg-private partnerskap, EU sine strukturfond og gjenreisings- og motstandsdyktigheitsfasiliteten.

Ny Forskningsråds-rapport: Noreg må styrke samarbeidet mellom sivil og militær forskning

Ein ny [rapport frå Forskningsrådet](#) viser at Noreg har stort potensial til å styrke forskning og innovasjon i forsvarssektoren – men at samarbeidet mellom sivil og militær forskning framleis er for svakt.

Rapporten er laga på oppdrag frå Forsvarsdepartementet som del av arbeidet med å styrke forskning, innovasjon og tryggleik i forsvarssektoren. Bakgrunnen er behovet for betre samordning mellom sivil og militær forskning, og meir strategisk styring av forskingsinnsatsen i ei tid prega av aukande usikkerheit og sikkerheitspolitiske utfordringar .

Kunnskapsgrunnlag

I rapporten kartlegg Forskningsrådet mellom anna deltaking frå forsvarssektoren og industrien, bruk av forskingsmidlar, kompetansebygging gjennom doktorgrader og kva område Noreg står sterkest på internasjonalt. Analysen viser at mykje av forskinga i Noreg skjer i sivile miljø, medan koplinga til forsvarsbehov ofte er mangelfull. Sjølv om forsvarsindustrien deltek i forskingsprosjekt, utgjer denne delen berre ein mindre del av den totale forskingsinnsatsen i næringslivet .

Samtidig viser rapporten at det finst sterke fagmiljø i Noreg, særleg ved universitet og forskingsinstitutt som NTNU og SINTEF. Desse samarbeider ofte tett med industrien og står sentralt i utviklinga av teknologi og innovasjon. Likevel skjer mykje av dette samarbeidet utan direkte kopling til forsvarssektoren. Eit tydeleg funn er at det er få prosjekt der sentrale aktørar som Forsvarets forskingsinstitutt samarbeider tett med industrien, noko som peikar på eit uutnytta potensial .

Norske fortrinn

Rapporten peikar vidare på at Noreg har fleire klare forskingsmessige fortrinn. Særleg gjeld dette innan hav og kyst, energi, klima og arktisk forskning, der norske miljø er blant dei leiande internasjonalt. Også innan teknologi for krevjande miljø, som offshore og arktiske område, står Noreg sterkt. Kunstig intelligens blir trekt fram som eit av dei viktigaste og sterkaste teknologifelta, medan energi, avanserte materialar og autonome system også er sentrale område med stort potensial .

Samtidig peikar rapporten på fleire utfordringar. Noreg har ein svakare posisjon innan område som kvanteteknologi, avanserte halvleiarar og sensorteknologi. Dette er felt som blir stadig viktigare for både teknologiutvikling og forsvar, og der det er behov for målretta satsingar for å styrke kompetansen.

Døme på tiltak

For å møte desse utfordringane foreslår rapporten fleire tiltak som å utvikle betre system for å kople saman open, skjerma og gradert forskning, slik at kunnskap kan delast på tvers av sektorar. Det blir også peika på behovet for sterkare koordinering og ei tydelegare rolle for Forskningsrådet som rådgivar og samordnar av forskingspolitikken. Vidare blir det understreka at eksisterande verkemiddel, som nasjonale forskingsprogram og EU-ordningar, må utnyttast betre for å fremje prosjekt med forsvarsrelevans.

UiB og universiteta

Også Universitetet i Bergen (UiB) er representert i datagrunnlaget for rapporten, mellom anna gjennom forskning knytt til hav- og arktiske tema. Dette viser at fleire norske universitet bidreg inn i kunnskapsgrunnlaget, sjølv om enkelte miljø – som NTNU og SINTEF – i større grad blir framheva som sentrale aktørar i samarbeid og teknologisk utvikling.

Konklusjonen i rapporten er at Noreg har både kompetansen og ressursane som trengst, men må bli betre til å samle kreftene. Eit tettare samarbeid mellom forskingsmiljø, industri og forsvarssektor – støtta av tydelege tiltak og politiske prioriteringar – blir peika på som avgjerande for å styrke både nasjonal tryggleik og innovasjon i åra som kjem.

Dansk forskning i verdensklasse? Det kjem an på korleis ein tel

Dansk forskning får «verdensklasse»-stempel, i ein ny Elsevier [rapport](#). Professor ved Senter for forskingsanalyse ved Universitetet i Århus meiner heller at målemetodane lønner samarbeid framfor reelle bidrag og [vrir biletet av styrken](#) i dansk forskning skeivt.

Gratis open publisering for norske forskarar

Noreg går [inn i samarbeidet rundt Open Research Europe](#), som tilbyr gratis publisering og open tilgang til forskingsartiklar. Plattformen byggjer på ein diamantmodell (gratis både å publisere og lese) og open fagfellevurdering. Relansering kjem i september 2026. For universiteta kan dette bidra til auka openheit og synlegheit, men også utfordre etablerte publiseringsmodellar og meritteringssystem.

Rekordmange doktorgrader – men nedgang kan kome

[Statistisk sentralbyrå rapporterer rekord i talet på doktorgrader i 2025 \(1 878\)](#), men peikar samstundes på at færre nye doktorgradsavtalar dei siste åra kan gi nedgang framover.

13522: Avlagte doktorgrader, etter fagområde, år og statsborgerskap

Informasjon Oppdatert: 26.03.2026, 08:00

	2025		
	I alt	Norske statsborgere	Utenlandske statsborgere
Avlagte doktorgrader			
Totalt	1 878	1 113	765
Humaniora og kunstfag	155	82	73
Samfunnsvitenskap	444	300	144
Matematikk og naturvitenskap	366	161	205
Teknologi	338	114	224
Medisin og helsefag	527	434	93
Landbruks- og fiskerifag og veterinærmedisin	48	22	26

Gjennomføringstida er om lag fem år, noko som gir forseinking i effektane. For universiteta betyr dette at dagens høge produksjon kan bli etterfølgt av ein reduksjon, med konsekvensar for rekruttering, forskingskapasitet og fagmiljø.

UNESCO: Universitet må ta større global rolle

UNESCO peikar i ein [ny rapport](#) på at høgare utdanning er avgjerande for å møte globale utfordringar som klima, ulikskap og teknologisk endring.

Rapporten vektlegg akademisk fridom, berekraft, livslang læring og tverrfagleg samarbeid. For universiteta stadfestar dette ei utvikling der institusjonane får ei breiare samfunnsrolle – utover tradisjonell forskning og utdanning.

Ei tid med kriser

Rapporten kjem i ei tid prega av fleire kriser: aukande ulikskap, klimaendringar, krig, svekking av demokrati, raske teknologiske endringar som kunstig intelligens og redusert tillit til universitet.

UNESCO foreslår sju prinsipp for framtidens høgare utdanning, mellom anna:

- meir rettferdig tilgang til utdanning
- akademisk fridom til å lære, undervise og forske
- kritisk tenking og kreativitet
- samarbeid og solidaritet
- berekraft som sentral verdi
- ei breiare forståing av kvalitet og relevans i utdanning

Meir openheit

Rapporten understrekar også at universitet må bli meir opne og inkluderande, og legge til rette for livslang læring. Studentar vil i større grad studere gjennom heile livet, og fleksible studieløp, mikrosertifikat og kompetanse frå arbeidslivet må bli meir vanleg.

Samtidig peikar rapporten på fleire utfordringar for universitet globalt. Akademisk fridom er under press i fleire land, og det finst problem med falske vitnemål, juks og manglande kvalitetssikring. For å møte dette må institusjonane styrke integritet og tillit i utdanning og forskning. Rapporten understrekar også at store globale problem ikkje kan løysast av eitt fagfelt åleine. Universitet må derfor arbeide meir tverrfagleg og samarbeide tettare med samfunn, næringsliv og internasjonale partnarar.

Endringar i global forskning – Kina aukar i Antarktis

Ny [analyse av forskning](#) i Antarktis viser at Kina har passert USA som største bidragsytar, medan Noreg ligg langt bak.

Forskning er tett kopla til geopolitisk innflytelse i regionen. Analysen avdekkjer stor variasjon i publikasjonsvolum mellom enkeltland og globalt.

Beskjeden norsk forskning

USA har lenge vært den ledende og dominerende forskningsnasjonen i Antarktis, men har vist en nedadgående trend de siste årene. Samtidig har Kina hatt en oppsiktsvekkende sterk vekst og passerte USA i 2022 målt etter artikkelbidrag. Norge har en forskningsstasjon i Antarktis, men omfanget av norsk forskningen er beskjedent sammenlignet med de største forskningsnasjonene, og landet rangerer som den 19. største bidragsyteren.

Viktig politisk

Rapporten understreker at vitenskapelig publisering ikke bare har en akademisk dimensjon. I Antarktistraktatsystemet danner vitenskapelig aktivitet grunnlaget for konsultativ status og innflytelse, og forskningsproduksjon er en viktig indikator på nasjoners troverdighet og tilstedeværelse i Antarktis.

Strategi for forskning på Svalbard

Regjeringa har [oppdatert strategien](#) for forskning og utdanning på Svalbard, med vekt på koordinering, berekraft og norsk leiarskap.

Det blir stilt strengare krav til datadeling, samarbeid og miljøomsyn. Svalbard er en av verdens best tilrettelagte og viktigste arenaer for forskning på klima, natur og miljø i Arktis. Med denne oppdaterte strategien styrker regjeringen norsk forskningsledelse og legger rammene for en bærekraftig, koordinert og sikker utvikling av forskning og høyere utdanning på øygruppen. Strategiens hovedmål er å videreutvikle Svalbard som en internasjonal forskningsarena i verdensklasse, samtidig som den sårbare naturen ivaretas og norsk forskningsledelse styrkes. All aktivitet skal ta utgangspunkt i Svalbards unike naturgitte fortrinn. Samtidig understrekes det at Svalbard er en begrenset ressurs: forskning og undervisning må foregå på en måte som minimerer samlet miljøbelastning og skjer innenfor gjeldende regelverk.

Universiteta har nøkkelrolle i konkurranseevnepolitikken meiner EUA

Analyse frå European University Association (EUA) viser at universitet blir stadig viktigare i EU sin politikk for konkurranseevne.

Rapporten *Universities and competitiveness* frå European University Association tek for seg rolla til universitet i det som blir skildra som eit nytt politisk paradigme i EU: eit aukande fokus på konkurranseevne. Utgangspunktet er at Europa står i ein situasjon prega av fleire samtidige kriser – geopolitisk uro, klimaendringar, teknologisk kappløp og demografiske utfordringar – og at dette skaper eit press på EU om å styrkje si økonomiske og strategiske stilling.

Tre viktige roller

Rapporten argumenterer for at universitet spelar ei nøkkelrolle i dette biletet. Dei blir framstilte som både produsentar av kunnskap, utdannarar av arbeidskraft og drivkrefter for innovasjon. Samtidig peikar rapporten på ei grunnleggjande spenning: medan politiske styresmakter ønskjer raske og målretta resultat, er universitet institusjonar som arbeider langsiktig, med vekt på kritisk refleksjon og akademisk fridom.

Eit historisk perspektiv

Eit sentralt analytisk grep i rapporten er å setje dagens politikk inn i eit større historisk perspektiv. Fokuset på konkurranseevne er ikkje nytt, men det får ein ny dimensjon i lys av det rapporten kallar ein «polykrise». Konkurranseevne handlar ikkje lenger berre om økonomisk vekst, men om å sikre Europas evne til å handtere klimaendringar, tryggleik og teknologisk utvikling. Universitet blir dermed plassert i kjernen av eit breiare prosjekt om «berekraftig velstand».

Tre framtidsscenario

For å utforske kva dette kan bety i praksis, utviklar rapporten tre framtidsscenario. Desse er ikkje spådomar, men analytiske verkty for å synleggjere ulike utviklingsbanar. I det mest optimistiske scenarioet («Europe's resurrection») lukkast Europa med å styrkje økonomien og investeringane i forskning, og universitet får ei sentral rolle i innovasjon og samfunnsutvikling. I eit meir pessimistisk scenario («Tech oligarchy») utviklar Europa seg i autoritær retning, med svekt akademisk fridom og sterk politisk styring av universitet. I det tredje scenarioet («Fragmented society») bryt statlege strukturar delvis saman, og universitet mistar mykje av si samfunnsrolle og blir meir marginale.

Forskningsrådet med nye refleksjoner om globale utfordringer for akademien

Notatet «Forskningsskultur i møte med globale endringer» drøfter hvordan det norske forskningssystemet og forskningsskulturen påvirkes av økt geopolitisk spenning, skjerpede sikkerhetskrav og tettere kobling mellom sivil og militær forskning

Det er Porteføljestyret for forskningssystemet som står bak notatet der formålet er å løfte sentrale dilemmaer og stimulere til bred diskusjon i sektoren. Kjernen i notatet er hvordan grunnleggende verdier i forskningsskulturen –

som åpenhet, ansvarlighet, forskningsintegritet og internasjonalt samarbeid – utfordres i en situasjon der hensynet til nasjonal sikkerhet og forskningssikkerhet får større plass

Sensitiv informasjon

Dokumentet peker særlig på spenningen mellom åpenhet og behovet for å beskytte sensitiv informasjon, spesielt innenfor flerbruksteknologier (dual-use). Det diskuteres også hvordan desinformasjon, politisk press og økt mistillit til forskning kan svekke forskningsintegritet og akademisk frihet. Det argumenteres for at åpenhet fortsatt skal være hovedregelen i sivil forskning, samtidig som institusjonene må utvikle kompetanse, rutiner og infrastruktur for å håndtere skjermet og gradert forskning.

Mistenkeliggjøring

Videre understrekes behovet for styrket bevissthet om ansvarlig forskning og forskningssikkerhet, særlig i internasjonalt samarbeid. Samtidig advares det mot at skjerpede sikkerhetstiltak kan føre til mistenkeliggjøring, svekket inkludering og redusert akademisk frihet dersom de ikke håndteres klokt

Auka press på akademisk fridom i Europa

Ny analyse frå Europaparlamentet viser gradvis svekking av akademisk fridom i EU, driven av politisk polarisering, kommersialisering og utanlandsk påverknad.

Den generelle situasjonen i EU viser ein gradvis svekking av akademisk fridom dei siste 10–15 åra.

Ungarn er det einaste EU-landet der rapporten peikar på systematiske og strukturelle brot. I mange andre medlemsland finst det ulike typar press og truslar, men ikkje nødvendigvis systematiske inngrep.

Fire hovudtrendar som trugar akademisk fridom

- **Politisk polarisering**
 - Aukande politiske motsetnader påverkar også akademica.
 - Fare for press, sjølvensur og svekking av institusjonell uavhengigheit.
- **Utvikling i USA**
 - Nedgang i respekt for akademisk fridom i USA kan påverke EU, mellom anna gjennom forskingsfinansiering og politisk styring av forskingsagendaer.
 - EU kan få ei større rolle internasjonalt i å fremje akademisk fridom.
- **Kommersialisering av akademica**
 - Tettare samarbeid med privat sektor kan gi ressursar.
 - Samstundes kan det skape avhengnad og indirekte påverknad på forskingsprioriteringar.
 - Behov for tydelegare regulering og sikringstiltak.
- **Utanlandsk innverknad**
 - Særleg knytt til kinesiske institusjonar (t.d. Confucius-institutt).
 - Ulik handtering i EU-landa.
 - Behov for betre strategiar for forskningstryggleik.
- **Politiske tilrådingar**
 - Rapporten vidarefører tidlegare forslag, mellom anna:
 - Europeisk plattform for akademisk fridom
 - Styrkt integrering av akademisk fridom i EU-program

- Etablering av ein europeisk kunnskapsbase (clearinghouse)
- Nye forslag i 2025:
 - Felles strategi mot utanlandsk innverknad
 - Europeisk strategi for å styrkje Europa som kjerneområde for akademisk fridom
 - Tiltak mot skadeverknader av politisk polarisering.

Global nedgang i akademisk fridom

Ny internasjonal [rapport](#) viser ein tydeleg global nedgang i akademisk fridom sidan 2015, med særleg sterk tilbakegang i USA.

Utviklinga omfattar redusert institusjonell autonomi, politisk press og inngrep i forskning og undervisning. Trenden gjeld også fleire europeiske land. For universiteta aktualiserer dette spørsmål om institusjonell autonomi, forskingsfridom og politisk påverknad – også i vestlege demokrati.

Forskningsrådsstøtte gir vekst i næringslivet

[SSB-analyse](#) viser at bedrifter som får støtte frå Norges forskningsråd har høgare vekst i FoU, omsetning og sysselsetting enn samanliknbare bedrifter som ikkje får støtte.

Effekten er særleg sterk for små og unge selskap, og understreker forskingas rolle i økonomisk utvikling – og kan styrke argumentasjonen for offentlig forskingsfinansiering.

Nedgang i næringslivets FoU i 2024

Næringslivet brukte 46,6 milliarder kroner på forskning og utviklingsarbeid (FoU) i 2024. Dette er om lag 400 millioner kroner mindre enn i 2023, en realnedgang på 6 prosent. Det ble utført nesten 25 600 FoU-årsverk i 2024, 4 prosent færre enn i 2023, [viser nye tall fra SSB](#).

Foretakene samlet rapporterte en nedgang i FoU-kostnader og FoU-årsverk i 2024, for første gang på flere år. De siste 20 årene har det vært årlig realvekst i næringslivets kostnader til egenutført FoU, med unntak av 2009, 2010, 2018 og 2024. Det samme gjelder utviklingen antall utførte FoU-årsverk

Redusert FoU-innsats blant små foretak

Det er særlig små foretak som har bidratt til nedgangen i næringslivets FoU. Foretak med 10–19 sysselsatte brukte til sammen 4,4 milliarder kroner på egenutført FoU i 2024. Dette er 1,5 milliarder kroner mindre enn i 2023, tilsvarende en realnedgang på 30 prosent. Det ble utført nesten 2 600 FoU-årsverk i disse foretakene, 27 prosent færre enn i 2023

Realvekst for store industriforetak

Industriforetak med minst 500 sysselsatte utførte FoU for nesten 6,8 milliarder kroner i 2024, nesten 500 millioner kroner mer enn året før. Korrigert for inflasjon er dette en vekst på 2 prosent, det er tredje år på rad med realvekst

for denne gruppen. Til sammenlikning hadde foretak med minst 500 sysselsatte i tjenestenæringer og Andre næringer (inkl. utvinning av råolje og naturgass) realnedgang i 2024.

Realnedgang for innleid FoU-personale og kjøp av FoU-tjenester

Mange foretak leier inn FoU-personale i tillegg til at ansatte arbeider med FoU. Næringslivets kostnader til innleid FoU-personale beløp seg til 5,5 milliarder kroner i 2024. Dette er 340 millioner kroner lavere enn i 2023, en realnedgang på 10 prosent. Kostnader til innleid FoU-personale inngår i næringslivets totale kostnader til egenutført FoU. Flere tall er tilgjengelig i [Statistikkbanken](#).

Norges samlede FoU-innsats

Næringslivet sto for 49 prosent av Norges samlede FoU-kostnader i 2024. Totalt brukte næringslivet, instituttsektoren, universiteter og høyskoler 94,5 milliarder kroner på FoU-aktivitet, tilsvarende en samlet realnedgang på 5 prosent fra 2023. FoU-kostnadene utgjorde 1,75 prosent av bruttonasjonalbrukt (BNP) i 2024. I Norge samlet ble det utført 52 400 FoU-årsverk i 2024, en nedgang på 4 prosent.

For flere detaljer om FoU-aktiviteten i universitets- og høyskolesektoren og instituttsektoren, se statistikkens side til SSB: [Forskning og utvikling i universitets og høyskolesektoren](#), [Forskning og utvikling i instituttsektoren](#) og [Forskerpersonale for alle sektorene](#).

Svenske universiteter har stort potensial i samarbeid med næringer, men møter barrierer

Rapport frå svenske Vetenskapsrådet pekar på at samarbeid mellom akademia–næringsliv gir innovasjon og kunnskapsoverføring, men hindres av regelverk, insentiv og kulturelle forskjeller.

Samarbeid innenfor grunnforskning er en sentral faktor for å kunne løse komplekse problemer og skape forutsetninger for innovasjon og gjennombrudd, heter det i rapporten.

Trenger en aktiv stat

For bedriftene innebærer samarbeid en mulighet til å ta del i den nyeste forskningen på en ressurseffektiv måte, noe som bidrar til kompetanseutvikling, styrket innovasjonsevne og på sikt økt konkurransekraft. Samtidig har mange bedrifter begrensede muligheter til å investere i forskning som ikke har en tydelig anvendelse. Statlige forsknings- og innovasjonsfinansierer spiller derfor en viktig rolle i å muliggjøre samarbeid.

Nødvendig med akademisk frihet

Samtidig understreker forskerne betydningen av å verne om den akademiske friheten. Det er avgjørende at forskningen ikke styres for sterkt av næringslivets interesser, ettersom dette kan begrense forskernes mulighet til fritt å velge forskningsspørsmål. Balansen mellom relevans og frihet blir dermed en viktig forutsetning for vellykket samarbeid.

Treg prosess

En annen sentral problemstilling knyttet til vellykket samarbeid gjelder avtaleprosessene mellom akademia og næringsliv. Samarbeidsavtaler skaper trygghet og tydelighet rundt ressurser, forventninger og eierskap, men prosessen med å utarbeide disse avtalene er ofte lang og kompleks. Dette fører iblant til forsinket prosjektoppstart

og frustrasjon hos både forskere og bedrifter. Særlig lærerunntaket og statsstøtteregele oppleves som tilbakevendende utfordringer som krever omfattende forhandlinger.

Flere hindringer

- Finansieringskravene: Økonomisk støtte er ofte avgjørende for at bedrifter skal kunne samarbeide med akademia, men kravene som stilles kan til tider skape hindringer snarere enn muligheter.
- Mobilitet og samarbeid med det omkringliggende samfunnet tillegges fortsatt ofte lav verdi i akademiske meritteringssystemer, noe som hemmer utviklingen.
- Kulturelle forskjeller: Bedrifter arbeider ofte mer rutinebasert og formelt, noe forskere kan oppleve som begrensende, men som er nødvendig for effektiv drift. Akademiens sterke drivkraft for publisering kan også komme i konflikt med bedrifters behov for konfidensialitet og patentbeskyttelse.

Konklusjoner og identifiserte behov

På lang sikt er grunnforskning en nøkkelkomponent både for økonomisk og bærekraftig vekst og for å løse store samfunnsutfordringer. Det er behov for i større grad å inkludere grunnforskning i samarbeidsinnsatsen til forsknings- og innovasjonsfinansiører.

OECD: Energitryggleik krev langsiktig satsing på forskning


Auka geopolitisk uro og ustabile energiprisar har igjen synleggjort kor sårbare land er når dei er avhengige av importerte fossile brensel. I ein [ny analyse åtvarar OECD](#) mot å møte energikriser berre med kortsiktige tiltak, og peikar i staden på at langsiktig og målretta investering i forskning, utvikling og innovasjon er avgjerande for betre energitryggleik.

OECD viser til at offentleg satsing på energiforskning steig kraftig etter oljekrisa i 1973, og la grunnlaget for teknologiar som solkraft og vindkraft. Men satsinga fall seinare tilbake, og først nyleg har offentlege budsjett til energiforskning i OECD-landa kome opp att på same nivå som i 1981. Samstundes har Kina styrkt posisjonen sin kraftig innan forskning og patentar på rein energi, medan utviklinga i fleire tradisjonelt sterke OECD-land har flata ut.

Main contributors to the top 10% most cited scientific publications relevant to energy and environmental goals, 2012 and 2022




● Global share, 2012 ◆ Global share, 2022



OECD calculations based on Aristodemou, L. et al. (2025), "Assessing the relevance of R&D funding towards societal goals: Insights from new data sources and AI-assisted methods," and Scopus Custom Data, Elsevier, Version 1.2024.

Ifølgje OECD er budskapet klar: Energitryggleik kan ikkje byggjast gjennom krisereaksjonar åleine, men krev jamn og treffsikker investering i kunnskap, teknologi og innovasjon over tid.

Top energy technologies by public R&D funding in USD million, 2015-2023



Experimental indicator. The TRL groupings describe the IEA classification of energy technologies identified in project-level R&D awards relevant to energy goals

Source: OECD analysis of OECD Fundstat database and IEA ETP Clean Technology Guide.

Parlamentet utfordrar Kommissjonen om nytt Horisont Europa

Europaparlamentet skjerpar no kampen om korleis det neste Horisont Europa-programmet skal sjå ut frå 2028. På få dagar i april samla fleire sentrale konfliktlinjer seg: [budsjettet, koplinga til EUs nye konkurransekraftfond og styringa av forskingsprogrammet](#).

Bakgrunnen er arbeidet med EUs neste langtidsbudsjett for perioden 2028–2034. Kommissjonen har foreslått 175 milliardar euro til det neste Horisont Europa, også omtalt som FP10. Parlamentets budsjettkomité gjekk veka før 23. april inn for å auke dette til 200 milliardar euro. Parlamentet skulle etter planen røyste over si samla haldning til langtidsbudsjettet i Strasbourg 29. april.

Store endringsforslag for Horisont Europa

Eit viktig bakteppe er at rapportørane frå ITRE-komiteen i EU-parlamentet, Christian Ehler og René Repasi publiserte i mars to sentrale rapportar som føreslår eit meir forskarstyrt Horisont Europa for perioden 2028–2034. Rapportane vil utgjere ein viktig del av grunnlaget for dei vidare forhandlingane med Kommissjonen og Ministerrådet om eit nytt Horisont Europa frå 2028.

[Rapport om forordningen](#) for Horisont Europa v/Christian Ehler

[Rapport om særprogrammet](#) for Horisont Europa v/René Repasi

Rapportørane vi ha mindre detaljstyring frå EU-kommissjonen, med ein modell der politikarane fastset overordna mål, medan uavhengige ekspertar tek seg av utvikling av utlysingar, vurdering av prosjekt og korleis porteføljane skal styrast.

Bygge på dagens struktur

Ehler og Repasi foreslår å byggje vidare på dagens pilarstruktur, men vil likevel gjennomføre omfattande endringar: forsterka autonomi i pilar 1 og pilar 3, nye ekspertstyrte råd med reell avgjerdsmaakt i pilar 2, og meir vekt på talent, mobilitet og deltaking i pilar 4.

Eit av hovudprinsippa i rapportane er at vitenskapleg kvalitet skal vere den avgjerande faktoren for finansiering, og at autonomien til ERC og EIC må styrkjast. Begge rapportane understrekar at forskning og innovasjon er strategisk avgjerande for Europa si konkurransevne og tryggleik. Difor argumenterer rapportørane for eit styrkt budsjett. I tillegg blir det etterlyst ein meir fleksibel og mindre byråkratisk styringsmodell. Ein interessekonflikt som er verd å følgje vidare, er forholdet mellom EU-parlamentet og EU-kommisjonen når det gjeld koplinga mellom Horisont Europa og EUs planar for eit konkurransefond (ECF).

Konkurransevnepfondet splittar

Samtidig la Europaparlamentets rapportørar for det nye European Competitiveness Fund fram eit alternativ til Kommisjonenens modell. Kommisjonen ønskjer ei tett kopling mellom ECF og delar av Horisont Europa, mellom anna gjennom eit felles arbeidsprogram for ECF og Pilar 2 i forskingsprogrammet. Parlamentets rapportørar, Christian Ehler og Dan Nica, avviser denne modellen.

I staden foreslår dei eit nytt verkemiddel kalla Horizon Europe Pathway Actions. Dette skal fungere som ei bru mellom forskning og marknad: Resultat frå Horisont Europa-prosjekt skal kunne få vidare finansiering frå ECF til kommersialisering, oppskalering, lisensiering, standardisering eller annan bruk av forskinga. Målet er å sikre kopling til europeisk konkurransekraft utan at Horisont Europa blir styrt direkte gjennom ECF.

For mykje industri o Pilar 2

Forslaget får støtte frå delar av universitets- og forskingsmiljøa, som fryktar at samarbeidsforskinga i Pilar 2 kan bli for tett bunden til industripolitiske mål. Dei ser Parlamentets modell som eit vern om Horisont Europas opne og kvalitetsbaserte forskingslogikk. Næringslivssida er meir skeptisk. BusinessEurope støttar i større grad Kommisjonenens idé om eit integrert arbeidsprogram, fordi det kan gi sterkare samheng mellom forskning, innovasjon og kommersialisering.

Også styringa av programmet er omstridd. I mars la Ehler fram forslag om to ekspertbaserte råd for Horisont Europa, eitt for europeisk konkurransekraft og eitt for globale samfunnsutfordringar. Desse råda skal gi råd om utforminga av utlysingar for samarbeidsforskning og innovasjon.

Nei til eit ekspertorgan

Kommisjonen har reagert negativt. I mars åtvvara generaldirektør Marc Lemaître mot at slike råd kan skape meir kompleksitet og svekke Kommisjonenens ansvar for gjennomføring. 21. april gjentok Manuel Aleixo, ein sentral medarbeidar hos forskingskommisær Ekaterina Zaharieva, kritikken på eit arrangement i regi av den italienske organisasjonen APRE. Han åtvvara om at ekstra ekspertorgan kan gjere programmet treigare, meir detaljstyrt og meir komplisert for søkerane.

Budsjettkampen skjerpa seg òg i same periode. 20. april sa Carla Tavares, ein av Parlamentets rapportørar for langtidsbudsjettet, at FP10 ikkje berre er eitt politisk instrument blant mange, men ei grunnleggjande evne som gjer andre EU-satsingar moglege. Ho koplta forskingsprogrammet til strategisk autonomi, grøn omstilling og europeisk konkurransekraft.

Pengar, pengar

Men fleire i Parlamentet erkjenner at det blir krevjande å få medlemslanda med på eit høgare budsjett. Regjeringane ønskjer ofte å halde EU-utgiftene nede, og forskingsmidlar er politisk sårbare fordi dei blir fordelte i open konkurranse utan garantert nasjonal retur.

Hovudkonflikten er dermed ikkje om forskning skal bidra til konkurransekraft. Det er brei semje om det. Striden står om korleis: Kommisjonen vil planleggje forskning og industripolitikk tettare saman, medan Parlamentet vil halde Horisont Europa meir sjølvstendig og heller byggje ei tydeleg bru frå forskning til bruk gjennom ECF.

Slik teiknar Parlamentet no opp eit alternativ til Kommisjonens modell: meir pengar til Horisont Europa, sterkare ekspertrolle, tydelegare vern om forskingsprogrammet og ein meir avgrensa, men målretta kopling til EUs nye konkurransekraftfond.